

Austevoll Kommune

5392 Storebø

Deres ref: Ref

Vår ref: Saksnr  
Arkivnr: Arkivnr  
Løpenr: Løpenr

Storebø 30.04.2015

## **HØYRINGSKOMMENTAR TIL TRAFIKKSIKRINGSPLAN, KOMMUNEDELPLAN 2015 -2023 AV 26. FEBRUAR 2015**

Havforskningsinstituttet har nokre kommentarar til plandokumentet som gjeld FV 546 – strekninga rundkjøringa ved Eidsbøen og til Haukanes. Vi syner i denne samanheng til kapittel 5.1 – s 25 og 26 i plandokumentet.

1. I framlagte dokument er det få opplysningar om dei aktivitetane (og trafikkgrunnlag) som er knytte til strekninga og som bør påverka beslutningsgrunnlag og prioriteringar.
2. Beskriving av eksisterande vegstandard er òg mangelfull

Til 1. For nemnte strekning bør det omtalast at ein i tillegg til bustader (og noko småindustri), har Austevoll vg skule, Austevoll maritime fagskule og Havforskningsinstituttet. Desse har til saman rundt 200 elevar og 100 tilsette som trafikkerar strekninga – til dels fleire gongar om dag. I tillegg har skulen ein stor aktivitet knytte til ekstra kursverksemd og Havforskningsinstituttet har mykje besøkande. På toppen av det heile er det mykje vare- og tunggodstransport til desse bedriftene. Dette kjem i tillegg til gjennomgåande trafikk og tungtransport mellom Husavik og Eidsbøen/Storebø.

Til 2. Sikringa av eksisterande vegstrekning i form av nye støypekantar frå toppen av Bjelland og til og med straumen hindrar at trafikk hamnar utfor vegen, men har samstundes gjeve dårlegare sikt og i praksis; smalere veg. Asfalteringa som vart utført har i tillegg skapt sær høge og farlege kantar mot grøfta i einskilde høve, mens gammal og låge støypekantar mellom Bjelland og Dalen nærast er vekke på grunn av asfalten og sikrar dermed ikkje mot utforkjøyring. Dette er lite omtalt i plandokumentet.

Vi oppmodar om at kommunen gjev høgaste prioritet og fokus til utbetring av vegstrekninga Eidsbøen – Haukanes, både med omsyn til kortsiktige og langsiktige tiltak.

For Havforskningsinstituttet

Torfinn Grav  
stasjonsleiar

Vennlig hilsen